

Fiskeridirektoratet  
postmottak@fiskeridir.no

**INNSPEL TIL REGULERINGSMØTET NOVEMBER 2018**  
**SAK 14/2018 - REGULERING AV FISKET ETTER SEI SØR FOR 62 N° I 2019**

Me viser til invitasjon, og sakslista, til reguleringsmøtet. Me viser òg til forskrift om regulering av fisket etter sei i Nordsjøen og Skagerrak i 2018 § 7, 2. ledd 1. pkt. «*Det er forbudt for fartøy med avgrenset nordsjøtråltillatelse å fiske direkte etter sei.*»

Direktefiske er ikkje forbode for fartøy med pelagisk trålløyve eller nordsjøtrålløyve. Desse fartøya fiskar i same farvatn, på same bestand, er nokolunde like, og fiskar med same type trål. Det er difor vanskeleg å sjå nokon god grunn til denne skilnaden. Det er i alle høve ikkje biologiske omsyn som gjer at avgrensa nordsjøtrål ikkje får fiska direkte etter sei.

Dersom det er frykt for overfiske som er årsaka til forbodet bør det vektleggast at for 2019 har ICES tilrådd å auka TAC med ca. 18 %. Gruppene har òg fiska mindre enn på same tid i fjor. Det er òg sannsynleg at trålgruppa ikkje kjem til å fiska opp avsett kvantum i 2018, og i juni opna direktoratet for fritt trålfiske etter sei. Dette talar for annleis regulering for 2019.

Pelagisk Forening ber difor om at reguleringa blir endra, slik at fartøy tilhøyrande gruppa avgrensa nordsjøtrål òg får lov til å fiska direkte etter sei.

Forbodet, mot direktefiske, blei innført i 2017. Erfaringa viser at forbodet har ført til store problem for reiarlaga som hadde spesialisert seg på direktefiske etter sei til konsum.

Forenklingssyn talar for like reglar, for like båtar i same fiskeri. Det kan nemnast at forenkling av fiskeriregelverket er eit uttalt tverrpolitisk mål.

Etter kva me forstår fiskar òg utanlandske båtar direkte etter sei.

Forbodet mot direktefiske gjer at fartøya i gruppa avgrensa nordsjøtrål står i stor fare for å ikkje få fiska kvotane sine. Sett i ettertid må ein kunne seia at forbodet var meningslaust. Dette fordi det blei innført fritt fiske f. o. m. juni 2018.

Seien går til konsum, og direktefisket kjem såleis landindustrien til gode. Dette er konsumfisk som blir foredla i Noreg. Det er òg eit uttalt politisk mål å auka verdiskapinga i sjømatnæringa. Dette talar for at avgrensa nordsjøtrål bør få lov til å fiska direkte. Dagens regulering motverkar dette politiske målet. Pelagisk Forening meiner at fisket bør regulerast slik at det blir stimulert til størst mogeleg verdiskaping.

Avgrensa nordsjøtrål har òg eit historisk direktefiske etter sei. Det er såleis urimeleg at desse båtane ikkje skal få driva med direktefiske. Dette gjeld spesielt dei fartøya som har historiske rettar i dette fiskeriet, og difor har fått faktor 1,0, jf. § 7, 2. ledd 3. pkt.

Kontrollomsyn tilseier òg at forbodet bør fjernast. Det er lite hensiktsmessig at myndigheitene skal bruka ressursar på å kontrollera bifangstprosenten på fartøy tilhøyrande ei gruppa, medan liknande fartøy med same type bruk, men tilhøyrande ei anna gruppa driv direktefiske på same feltet. Utanlandske båtar fiskar òg direkte etter sei, og utanlandske båtar leverer stort sett fangstane sine i utlandet.

Det er vanskeleg å sjå grunngjevinga for at somme grupper skal ha lov til å fiska direkte, medan ei anna gruppa har forbod mot direktefiske. Dersom det er frykt for overfiske som er årsaka er det betre at gruppene har ulike fartøykvotar. Direktoratet står òg fritt til å stoppa eitkvart fiskeri dersom direktoratet meiner at det er fare for overfiske.

Pelagisk Forening ber difor om at reguleringa blir endra, slik at fartøy tilhøyrande gruppa avgrensa nordsjøtrål òg får lov til å fiska direkte etter sei.

Årets regulering var slik at det blei opna for fritt fiske i juni. Dette for å få fiska opp kvoten. Det er likevel stor fare for at kvoten ikkje blir fiska opp i år. Neste år blir kvoten truleg 18 % høgare. Med same reguleringsmåte er det sannsynleg at ein vesentleg del av kvoten ikkje vil bli fiska i 2019. Dette talar for ei anna regulering enn i 2018.

Fiskarar opplyser at seien er best tilgjengeleg, og at det er minst innblanding av andre artar, i første halvår.

Pelagisk Forening tilrår difor at fiskeriet blir regulert med maksimalkvotar frå starten av året. Fiskeridirektoratet kan heller stramma inn seinare på året, dersom direktoratet ser at det er fare for overfiske.

Bergen: 22.10.18

Beste helsing  
Pelagisk Forening

Ask Økland  
Advokat